

# ØRSTA KOMMUNE - MILJØVERNLEIAREN

## RAPPORT FRÅ FELTUNDERSØKING.

ra\elvemusl.ra2

FØREMÅL: Undersøke utbreiing av elvemusling (margaritifera margaritifera) i Bjørndalselva og Bondalselva.

LOKALITET: Bjørndalselva og Bondalselva.

DATO: Undersøkinga vart utført våren 1993.

UTFØRT AV: Gunnar Wangen, Oddvar Olsen

### BAKGRUNN.

Sjå rapport om elvemusling i Åmdalselva.

### MÅLSETJING.

Ein har fått opplysingar om tidlegare bestandar av elvemusling i Bjørndalselva og Bondalselva. Føremålet med denne undersøkinga er først og fremst å slå fast om det fortsatt er bestandar i desse elvane, og evt. på kva elvestrekningar.

### METODE.

Sjå rapport om elvemusling i Åmdalselva.

### RESULTAT.

#### Bjørndalselva:

I ei mindre "lone" langt framme i elva fann vi nokre få individ, sameleis i eit lite elveparti ovanfor steinbru. På eit avgrensa parti på omlag 40 m lengde vart registrert ein tettleik tilsvarande C-område (Sjå Åmdalselvrapport). På strekninga der elva har vore senka, var elva utan elvemusling. Kun tre individ vart funne, truleg ført ned med flaum. I overflata såg botnen på parti ut til å kunne vere egna, men kun eit tynt lag med grus over leire/silt eller myr i botnen. Desse partia hadde musling før senkinga, slik ein har forstått opplysingane frå lokalkjende. Elva vart undersøkt ned til bru ovanfor Bjørdalstjønna, og ovanfor og nedanfor elveinntak til kraftverket, utan funn. Forekomsten av elvemusling i elva i dag er såleis truleg berre ein liten rest av den tidlegare bestanden, og om den er livskraftig er usikkert. I alle høve ein svært avgensa bestand.

Bondalselva:

Elva vart undersøkt frå Videtjørn og nedover til kommuneveg kryssar i bru. På denne strekninga må elva karakteriserast som ein bekk. Det vart funne 27 individ frå Videtjørn og på det nærmeste partiet, sjå kart. Det vart vidare ikkje registrert musling på ei lang strekning. På ei strekning på omlag 150 m ovanfor brua vart funne omlag 400 individ. Det vart også funne eit ung individ, lengde 31 mm. Det vart gjort stikkprøve lenger nede i elva utan funn. Elva har altså ein avgrensa bestand i den øvste delen. I høve til størrelsen på bekken er bestanden på det aktuelle partiet ovanfor brua bra, og ser også ut til å reproduksjon, i alle fall i ei viss grad.

Ørsta, den 30 september 1993

  
Gunnar Wangen  
-Miljøvernleiar-

VIDETJØRN







